



Trond Lekva Myklebust
Døsslandssido 173

5463 Uskedalen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Tore Eik	905 59 189	2010/3954-7		06.12.2021

LØYVE TIL MASSEFYLLING, PLANERING OG DYRKING – GNR/BNR - 128/7 – delegert vedtak

Søkjær: Trond Lekva Myklebust

Delegert saksnr: 2017/121

Søknad motteken: 18.11.21

Vedtak

Kvinnherad kommune gjev søkjær forlenga løyve til massefylling, planering og dyrking på eit areal på gnr/ bnr – 128/7 som omsøkt. Løyvet er ei forlenging av tidlegare løyve gitt 14.02.2017.

Vedtaket er heimla i jordlova § 11.

Vilkår

1. Det skal berre nyttast reine massar ved fylling.
2. Det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeidet i marka, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren må få melding om funna.
3. Det skal setjast att ei sone på minimum 6 m mot elva.
4. Dersom det er mogeleg ser ein gjerne att deler av arealet vert ferdigstilt etter kvart som arbeidet går framover.
5. Anlegget skal vera avslutta innan 3 år frå dags dato

Saksutgreiing

Søkjær ynskjer å fortsetja med ei i varsam planering på eit areal på gnr/ bnr -128/7 som skissert i tidlegare løyve. Det er stor trong for å finna plasser til overskotsmassar frå lokale byggjeprojekt. Ein vil på denne staden kunna nytta slike massar til å auka arealet med dyrka mark.

Etter vårt syn vil ikkje dei omsøkte tiltaka ha negative fylgjer for kulturlandskapet. Saka har vore sendt til fylkeskommunen for uttale etter kulturminnelova. Det har ikkje kome merknad.

Kart

*

Arbeidet må iversetjast innan 3 år frå vedtaksdato. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet må det søkjast om endring.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Tore Eik
Rådgjevar landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: